

NORDEBOTN

Høgde over havet : ca 750 m

Tid: ca 1,5- 2 timar

Gradering: middels tung tur.

Lengd: ca 3,5 km

Nordebotn er ein av stølane som er tenkt som ein rundtur der Liaset eller Botn er utgangspunkt og ein går Olavstøl- Nuten-Nordebotn-Botn, eller motsett. Som rundtur er dette ein lang tur på ca 13-14 km ein veg og vi antar gangtid på 4-5 timar. Ps. Rundturen er merka mellom Nordebotn og Nuten, men pass på at det ikkje alltid er mogleg å kryssa elva under snøsmeltinga (for stor elv).

Sjå vegskildring Botn. Frå Botn går stien vidare opp og forbi det øvste selet og her kan du krysse bekken, Heststodenabekken (sjekk vassføring) Frå bekken går du opp ein haug med namnet Sjonarehaug. Du går vidare over ei myr før du kjem inn i eit lett skogsterreng og du ser mot Sauanuten i himmelsynet framfor deg. Du går på undersida/ langs med berget under Hestastodena, og her er terrenget litt bratt. Stien går skrått langs berget og mot ei innsnevring heilt øvst før du kjem opp i sjølve dalen. Du kjem no opp på fyrste flaten i dalen der elva deler seg. Om du ikkje vil krysse elva går det ein sti rett opp til høgre ved elva når du er komme opp. (Sjå eller følg merking) Om du går over denne knausen held du deg på høgre side av elva heile vegen og du kjem til ein veldig stor stein/ heldre der kassa står. Dette er ikkje den opprinnelege tufta, men me vel å henge kassa her, for det kan ofte vera vanskeleg og kryssa elva. Ynskjer du deg heilt fram til Nordebotntufta ligg den på andre sida litt høgare, og litt skrått for den store steinen / heldren med kassen og på eit tydleg moreneparti. Du ser tuftene fint frå der kassen står, **men obs- ikkje kryss elva ved høg vassføring!** Om du vil gå vidare inn til Gjetarbuia følg du berre stien vidare på høgre sida i 5-10 min.

Turtips 1: Gå vidare til Trodlavatnet ca 1200 moh gjennom Trollbotnen.

Turtips 2: Gå vidare og heilt fram til Olsskavlen.

Turtips 3: Gå over til Nuten.

GOD TUR!